

Informasjon til deltakarar i vêrkampanjen november 2024



## PLASKORAMA - Kor mykje regn toler du?

# PLASKORAMA - Når blir regn utåleleg?

Ein vêrkampanje frå Meteorologisk institutt.

Nokre gongar treng vi regn. Kanskje lengtar vi etter det, på ein varm sommardag. Ein sôlepytt å plaske i. Eller ein bonde som må ha vatn på åkeren. Regn er nyttig, nokon synest til og med det er moro. Andre gongar er regnet irriterande. Vi blir våte på sokkane, og håret blir flatt. Fotballtreninga blir avlyst. Bussen sprutar vatn på oss. Då kan vi bli triste og leie, eller sinte og sure.

Regn kan også vere farleg. Då kan det fløyme over, inn i kjellaren. Vegen kan rase ut. Når klimaet blir varmare, blir det også våtare. Då blir regnet oftare plagsamt og farleg, og mange synest dette er skummelt. Ein må skjønne kor mykje det regnar no, for å forstå kor mykje det vil regne når klimaet endrar seg.

Vi som jobbar med vêret, treng å lære meir om korleis regnet påverkar kvar dagen til dei som bur og lever i Noreg. Då kan vi lage betre vêrvarslingar, som er nyttige og lette å bruke, òg for barn og unge. Difor treng vi dykkar hjelp, bli med å utforske vêret saman med oss!

## Slik gjennomfører du kampanjen

Det er fire hovudpunkt i kampanjen (punkt 1-4), samt ekstra oppgåver og hjelpemiddel (punkt 5). Til slutt forklarar vi kva dataene skal brukast til, personvern, og kva du samtykker til ved å delta (punkt 6).

*Anslått tidsbruk: punkt 1 (forarbeid) ca 10 min, punkt 2-3 ca 45-60 min, og punkt 4 (etterarbeid) ca 10 min.*

- Lag din eigen nedbørsmålar
- Mål regnet
- Observer korleis regnet påverkar deg

- Send inn svara
- 
- Ekstraoppgåver og hjelpemiddel
  - Samtykke og informasjon om kampanjen

## 1. Lag din eigen nedbørsmålar

Anslått tidsbruk: ca 5-15 minutt

Korleis opplevast regn? For å forstå opplevinga vil vi vite kor mykje og kor lenge det regnar. For å måle det, anbefalar vi å lage ein enkel regnmålar.

I si enkleste form kan du til dømes setje ut ein tom isboks. Mål nedbøren som kjem i millimeter med ein linjal.

Pass på at nedbørsmålaren har rette veggar og flat botn. Døme frå andre:

- [Film frå Newton om korleis du lagar din eigen regnmålar](#)
- Oppskrift frå [Bjerknessenteret](#) og [Naturfagsenteret](#) på korleis du kan lage din eigen regnmålar.
- Set gjerne ut fleire målarar med ulik form og storleik. Måler dei det same?

Eit anna alternativ er å søke opp din stad på Yr og finne nærmeste måling. Døme:

- Søk opp staden din. Vel [andre varsel](#) i menyen, og sjå målingar frå dei siste 24 timane
- Gå inn på fana [historikk](#) for å finne målingar lengre tilbake i tid

## 2. Mål regnet

Anslått tidsbruk: ca 45-60 minutt, eller så lenge de vel å vere ute

Ta med deg målaren ut og set han ein stad der han står fritt (ikkje under tak o.l.).

Pass på at han ikkje veltar eller bles ned.

Lat målaren stå ute like lenge som de sjølvre er ute, og noter ned kor lenge de har målt.

Når de skal inn, tek de med målaren, og brukar ein linjal til å måle mengda (millimeter) med regn.

Alternativt kan de sjekke til dømes Yr og finne ei måling nær der de bur (sjå punkt 1).

## Snø?

Dersom det ikkje regnar, men snør, så er det berre å ta med målaren inn og tine snøen. Då kan ein måle talet på millimeter på same måte som når det regnar. Det er òg mogleg å stikke linjalen ned i snøen, og sjå kor mange centimeter snø som har kome, og skrive det inn i sølepyttskalaen.

## 3. Observer korleis regnet påverkar deg

*Anslått tidsbruk: som punkt 2, ca 45-60 minutt, eller så lenge du vel å vere ute*

For å finne ut meir om kva regn betyr for deg, familien din og staden du bur på, ønskjer vi at du er observant ute i regnet. Registrer kor mykje (og kor lenge) det regnar, når de er ute.

Gjer til dømes målingar når barna går til barnehagen eller skulen, når det er utegym, utedag, spelar fotball, eller andre uteaktivitetar. Det er også mogleg å måle andre stader, på trening, fritidsaktivitetar eller liknande, og svare basert på desse opplevelingane.

Legg merke til lydar, lukter, fargar, kva du har på deg, korleis du føler deg, korleis humøret ditt er, om du er våt eller kald, om nokon rundt deg gjer noko spesielt, eller om du må endre planane dine. Er du framleis ute, går du i skjul under eit tak, eller kva er det som skjer? Er det framkomstmiddel, dyr eller andre som har utfordringar i regnet?

### Kva er det vi spør om?

- Kor mykje regnar det, og kor lenge?
- Kva kallar de regnvêret?
- Kva er passande klede og sko?
- Korleis følar de dykk ute i regnvêret?
- Kva slags lydar, lukter og lys er det når det regnar?
- Kva la de merke til skjedde ute, når det regna?
- Om nokre planar måtte endrast som følgje av regnvêret

## 4. Send inn svara

*Anslått tidsbruk: ca 10-15 minutt*

Del dine vær-opplevelingar med oss, ved å fylle ut direkte i sølepyttskalaen!  
Sjå meir om sølepyttskalaen lenger nede (punkt 6).

Utfyllinga blir styrt av ein vaksen, for eksempel kan ein lærar, ein pedagog i barnehagen, ein fotballtrenar, ein leiar i Speidaren eller ein turleiar i DNT fylle ut skjemaet på vegner av ei gruppe med barn.

Vi ønskjer at det er barna sitt eige språk som blir brukt så langt det let seg gjere, og at flest mogleg synspunkt kjem med. Ta til dømes svarskjemaet opp på skjerm framfor klassen, og fyll ut saman.

## Her kan skular sende inn data

[På denne nettsida er det laga eit skjema for å sende inn data](#). Det er enklast å bruke. Vil de laste ned plakatformat for å fylle ut og henge opp i klasserommet, [finn de det her](#).

## For alle som ønskjer å delta

Det er då mogleg å anten fylle inn digitalt i PowerPoint, eller skrive ut (A2/A3) og henge på veggan.

- Last ned som PowerPoint eller PDF
- Om de fyller ut digitalt, kan du som voksen sende oss på e-post ([sandkassa@met.no](mailto:sandkassa@met.no)).
- Om de fyller ut på papir, kan de ta biletet av det og sende oss på e-post, eller sende oss i vanleg post når de er ferdige (Meteorologisk institutt, Postboks 7800, 5020 Bergen).

De kan gå inn på skjemaet så ofte de vil, og fylle ut beskrivingar kvar gong de er ute i regnet.  
Jo meir, jo betre!

Tips: Dersom de er ute over fleire timer, er det mogleg å gjere same øvinga fleire gonger: Kor mykje regna det etter 1 time, og korleis opplevdest det? Kor mykje regna det etter 3 timer, og kva skjedde då?

## Innsending av biletet

Send oss gjerne biletet av regnet!

Når du sender inn biletet til værkampanjen, aksepterer du følgjande vilkår:

- Du kan berre sende inn biletet du sjølv har tatt, eller biletet der fotografen har godkjent innsendinga.
- Personen(e) på biletet skal ikkje vere mogleg å kjenne igjen (identifiserbare).
- Når du deler biletet med oss, ønskjer vi (Meteorologisk institutt og NRK) å ha moglegheit til å dele det vidare på like vilkår (CC BY-NC 3.0 NO). Dette gjeld både på TV, sosiale medium, nettsider og i rapportar. Biletet ditt blir kreditert.
- Send inn biletet til [sandkassa@met.no](mailto:sandkassa@met.no)

Sjølve værkampanjen blir gjennomført i veke 46 (innsending av data vil vere tilgjengeleg ut november).

## 5. Ekstraoppgåver og hjelpemiddel

Vi har samla nokre oppgåver som kan bidra til undring og refleksjon om korleis regn påverkar kvardagen. Ved å gjere dei kan det stimulere til nye svar frå barna.

- Korleis påverkar regn det du har på deg? ([vêr og klede, Naturfagsenteret](#))
- Korleis påverkar regn kjensler og glede ([lese og lytte til dikt, Naturfagsenteret](#))
- Kva for skyer regnar det mest frå? ([skyatlas, Naturfagsenteret](#))

Andre hjelpemiddel som kan vere nyttige i samband med kampanjen:

- Nedbørnålalarar og utrekningar
  - Film frå [Newton om regnmålingar](#) og korleis du lagar eigen regnmålalar
  - Oppgåve frå [Argument](#) for å måle nedbør, gjere utrekningar og grafisk framstilling
  - Ei oppskrift på nedbørnålalar frå [Miljølære](#), eller [Yr](#), for dei som vil rekne sjølv
- Filmar og quiz
  - [Video frå bymiljøetaten i Oslo](#) om kor mykje vatn 1 mm regn er
  - Film frå [Newton om ekstremvêr](#)
  - [Kahoot](#) om lyn, om regn, om skyer, og om vind, frå MET
  - [Undervisingspakke](#) frå NRK Skole om vêr
- Lesestoff
  - Forklaring på regn frå [LNL](#) og frå [SNL](#)
  - Kva er ein solepytt og solepyttskalaen? frå [LNL](#)

## 6. Kva vil MET oppnå med kampanjen?

Alle data vi samlar inn, skal summerast opp og brukast til å lage ein solepyttskala. Det finst ikkje frå før! For å forklare kva vi meiner, har vi laga eit døme og starta å fylle ut litt.

Sølepyttskalaen - døme								
	Heilt tørt	Yr	Litt regn	Regn	Mykje regn	Styrtregn	Ekstremt	
Kva kallar de dette regnværet?	Kor mykje regn, og kor lenge? mål, eller sjekk Yr	0 mm	0,1 - 1,2 mm/1t	0,5-1 mm/1t	1-3 mm/1t	5-10 mm/1t	20-30 mm/1t	50 mm/6t or 100-150 mm/24t
Send gjerne beskrivande bilete på e-post sandkassa@met.no								
Kva er passande klede og sko?	Joggesko	Tynt lag av vatn på jakka	Gore-tex	Regnkleda	Støvlar	Vasstette	Innevær, ute blir du søkkvåt uansett	
Korleis følte du deg?	Glad, varm	Litt våt, glad	Sur og kald	Lykkeleg	Klissblaut	Redd	Som å stå i ein dusj	
Beskriv lydar, lukter, og lyset!	Skarpt lys	Så vidt synleg	Frisk lukt	Bråkete	Mørkare ute	Intenst	Regn som trommar Ser ikkje over gata	
Kva la de merke til ute?	Tørr bakke	Vått i graset	Sprutar vatn frå biler	Dammar på fotballbana	Store dammar, bekkar	Elevvar fossar Ras	Alt overfløymer, vatn renn overalt	
Ble planar endra?	Nei	Valde linser og ikkje briller	Måtte skifte sko	Flytta gymtime inn	Skulebuss forsinka	Trening avlyst i kveld	Måtte vere inne, skulen stengt	

Verdsrekorden er 31 mm på 1 minutt, og 305 mm på ein time i USA

**i VÆRET**  
med Meteorologisk institutt

Dato: 25.09.24

Kven: Meteorologisk institutt

Men vi treng fleire skildringar (ord, emojiar osv.), fleire bilete og videoar, og alt du kjem på. Det er lov å foreslå andre namn enn "litt regn", "vanleg regn" osv., og å kome med andre døme enn 1-3 mm/t osv. Til dette skal vi bruke bidraga de sender inn, og setje saman til ein ny versjon av sølepyttskalaen. Den nye versjonen skal vi gjere tilgjengeleg for alle.

Det går også helt fint an å fylle ut skjemaet sjølv om det snør, sludder eller haglar.

Den ferdige versjonen av sølepyttskalaen håper vi vil vere til hjelp for å forstå samanhengen mellom kor mykje og kor lenge det regnar, og korleis regnet verkar inn på valg av klede og aktivitetar utendørs.

Samtidig vil det vere nyttig for Meteorologisk institutt, sidan vi vil lære meir om korleis regnet påverkar kvar dagen til befolkninga i Noreg, og kva språk barn og unge brukar når dei snakkar om været. Dette håpar vi kan hjelpe oss til å gjere værvarslene våre endå betre enn dei er i dag, og at vi kan nå betre ut til ein yngre del av befolkninga. På lang sikt meiner vi at dette vil gi auka værkunnskap. Det er viktig for å forstå kva styrkar og krefter som er i været, og korleis desse endrar seg når klimaet endrar seg.

## 7. Samtykke og personvern

I veke 46 og 47 2024 gjennomførast værkampanjen (data tekes i mot lenger). Alle som vil kan delta, og sende inn sine bidrag. Innsendingane skjer via ein vaksen, for eksempel ein lærar.

All deltaking er frivillig, dette er eit tilbod som blir gjeve til dei som ønskjer det. Vi legg vekt på at barna skal forskast *med* og ikkje *på*. Dette betyr at dei ikkje berre skal brukast som informantar, men involverast og få eit innblikk i vitskaplege arbeidsmåtar.

Det er òg mogleg å ta kontakt i ettertid dersom ein ønskjer å få sletta dataene som er sende inn. Unntaket vil vere biletet som er sendt inn, og som er brukt på til dømes TV.

### Personvern

Svara blir sende inn for ei gruppe, og i sluttproduktet (døme: den ferdige sølepyttskalaen, rapportar) vil det ikkje vere mogleg å identifisere enkeltpersonar, berre som navn på klasse/skule o.l.

Det er to unntak:

- Biletet som blir sende inn som vi får løyve til å bruke i andre samanhengar. Hvis biletet blir brukt på TV, vil det bli arkivert saman med programmet.
- Hvis vi ønskjer å lage redaksjonelt innhald (til dømes ei nettsak) der vi fremhever bidrag frå bestemte klasser e.l.. I så tilfelle vil vi spesifikt be om løyve frå dei det gjeld, til den bruken.

Kva personopplysninger registrerer vi inn:

- Namn og e-post til dei ansvarlege vaksne som sender inn svarskjemaet.

### Kven står bak værkampanjen?

Det er Meteorologisk institutt (MET) som står bak værkampanjen PLASKORAMA. Meteorologisk institutt varsler været, overvaker klimaet og driv forsking. Saman med NRK lagar vi værtjenesta Yr.

MET har ei ny satsing for barn og unge som vi kallar *i Været*. I denne satsinga ønskjer vi auka fokus på innhald til ei yngre målgruppe. Du kan lese meir om dette på nettsiden vår [met.no/iværet](http://met.no/iværet).

Felles for alt arbeidet vårt er hovudmålet vårt om å bidra til å sikre liv og verdiar i samfunnet.